

HOVUDUTSKRIFT

FOR SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK

STYREMØTE

Møtedato: 04. februar 2022

Tidspunkt: kl. 0900 – 1200

Som medlemmer møtte: George Fulford, Camilla Storøy, Margareth Leinebø, Anne Holstad, Arnljot Muren, Kjartan Grimstad og Bjarte Uglum

Følgjande medlemmer møtte ikkje:

Frå administrasjonen møtte: Arnstein Myklebust

Andre:

Saker som vart handsama: Sak nr S01/22 – S07/22

Vedtaksaker:

SAK NR S01/22 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Vedtak, samr.:

Innkalling og sakliste vart godkjend.

SAK NR S02/22 Møteplan 2022

Møteplan for 2022 ligg vedlagt innkallinga

Styrehandsaming:

- strategisamlinga i mars vert lagt til 17-18 mars
- møte 31 mars vert flytta til 06 april
- møte 16 juni vert flytta til 10 juni
- møte 8 september vert flytta til september
- møte 13 oktober vert flytta til 12 oktober
- møte 27 oktober går ut
- møte 8 desember vert flytta til 5 desember

Vedtak, samr.:

Styret godkjenner møteplanen for 2022 med nevnte endringar:

SAK NR S03/22
Renovasjonsbil med sidelastar, 1 års prøveprosjekt

Saksutgreiing ligg vedlagt innkallinga

Vedtak, samr.:

Styret stiller seg positive til eit prøveprosjekt med renovasjonsbil med sidelastar, og ynskjer prosjektet iverksett med tidsplan som tilrådd i saksutgreiinga.

Styret forutset at tillitsvald og sjåførar vert involverte i prosessen.

SAK NR S04/22
STYREEVALUERING

Unntatt offentlegheit – jfr. offentleglova § 14, første ledd.

Dette er ei intern diskusjonssak i styret, og ut i frå saka sin art legg ikkje administrasjonen fram anna tilråding til vedtak enn vedtaket i fjor.

Vedtak, samr.:

Styreleiar lagar eit samandrag av evalueringa. Samandraget blir sendt ut til styret og deretter til leiar i representantskapet og leiar i valgkomitéen.

SAK NR S05/22
Foreløpig regneskap

Unntatt offentlegheit – jfr. offentleglova § 14, første ledd.

Rekneskapen for 2021 vert klar i månadsskiftet februar/mars.
BDO har starta revisjon og Envidan skal gjennomgå sjølvkost/nøklar før rekneskapen vert avslutta.

Foreløpig rekneskap for 2021 vert utsendt til møtet.

Vedtak, samr.:

Styret tek foreløpig rekneskap for 2021 til vitande.

Avtale med BDO gjeld til og med rekneskapen for 2021, og ny avtale må ut på
anbod fra og med 2022.

Administrasjonen må førebu anbod på revisjon snarast.

Orienterings-/drøftings-/vedtaksaker:

SAK NR S05/22 DAGLEG LEIAR ORIENTERER

Dagleg leiar orienterte om følgande:

- Status sorteringslinje/presse/band
 - o Tilbudsdokument vert utsendt i januar (veke 2).
 - o Frist for innlevering av tilbud er sett til 24.02.2022
 - o Planlagt oppstart mai/juni.
- Status kvalitetsikring sjølvkost/nøkler
 - o Envidan, estimerer 3-4 dagar til arbeidet
 - o Arbeidet vidare vil ta utgangspunkt i oppdaterte tal fra 2021 når rekneskapstala er klare februar/mars
 - o Kvalitetssikring skal være gjennomført før avslutning av rekneskapen for 2021
- Status Fløstranda.
 - o Konkuransgrunnlaget er utarbeida i samarbeid med Conplan
 - o Anbudsinnhenting i løpet av veke 5
 - o Planlagt oppstart i Fløstranda er så raskt som mogleg våren 2022
- Kontrollar (bl anna arbeidstilsynet) utført på slutten av 2021
- Status på arbeidet i Særskild klagenemnd
- Personalsituasjon/sjukemeldingar
- SSR og koronasituasjonen
- Samarbeid VØR

Styrehandsaming:

- Styret ynskjer framlagt tal for sjukefravær på kvart styremøte
- Styret ynskjer at det vert utarbeida eit diskusjonsnotat for biogassanlegg/alternative løysingar.
- Styret ynskjer at det vert orientert om særskild klagenemnd og adgang til påklaging av enkeltvedtak på møtet i representantskapet 12 mai.

Vedtak, samr.:

Styret tek orienteringa til vitande.

Rett utskrift: Søre Sunnmøre Reinhaldsverk, 4. februar 2022


George Fulford
styreleiar

Camilla Storøy
nestleiar

Margareth Leinebø


Anne Holstad


Arnijot Muren


Kjartan Grimstad


Bjarte Uglum


Arnstein Myklebust
Dagleg leiar